



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Eldrerådet
Stad:	Herøy omsorgssenter,
Dato:	11.03.2019
Tid:	10:00 – 12:00

Medlemer som møtte:

Arve Moltubakk	Leder	
Solfrid Hagemann	Medlem	
Anlaug Varhaugvik	Medlem	
Magnus Remøy	Medlem	
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	

Forfall:

--	--	--

Varamedlemer som møtte:

--	--	--

Andre:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol

Orienteringar:

- Rehabilitering raud og grøn avdeling v/eigedomsleiar Robert Myklebust og pleie- og omsorgsleiar Siv Jensen.
- Orientering om helseplattformen v/prosjektleiar i 7-stjerna Tommy Dahl.
- Eldrefesten.

underskrifter

Solfrid Hagemann

Arve Moltubakk
Leiar

Anlaug Varhaugvik

Magnus Remøy

Linn Therese Hansen Sævik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 7/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/19	Protokoll frå førre møte. Referatsaker
RS 4/19	Referat frå informasjonsmøte om gravplassanalyse 11.02.2019
RS 5/19	Utkast til brukarutval- for innspel/vurdering
RS 6/19	Til eldrerådet/sekretæren for eldrerådet i kommunen/fylkeskommunen

Orientering/drøfting:

- Rehabilitering raud og grøn avdeling.

PS 7/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 8/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå forrige møte låg føre.

REFERATSAKER

RS 4/19 Referat frå informasjonsmøte om gravplassanalyse 11.02.2019.

Tatt til vitande.

RS 5/19 Utkast til brukarutval- for innspel/vurdering.

Vert utsett til neste møte i Eldrerådet når leiar er tilstades.

RS 6/19 Til eldrerådet/sekretæren for eldrerådet i kommunen/fylkeskommunen.

Høyring – Forskrift til ny lov om Råd for eldre og Råd for personar med nedsett funksjonsevne i kommune og fylkeskommune.

Ny lov om Eldreråd i kommune og fylkeskommune trer i kraft frå 01.01.2020. Den største endringa ligg i at den tidlegare lova som var ei særlov, no skal bli eit eige kapitel i Kommunelova. I tillegg til sjølve lova, er det foreslått å etablere eigen forskrift som vil ha som formål å konkretisere viktige delar av lovverket sine intensjonar.

Forslag til forskrift er no ute til høyring og Eldrerådet i Herøy kommune MR vil gje følgjande høyringsuttalelse:

1. I det foreliggende forslag til forskrift, er det foreslått at råda sine mandat skal vedtakast på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Eldrerådet i Herøy vil understreke viktigheita av at det skal vere likheit for lova og at den beste måten å oppnå det på, er at råda sine mandat blir fastlagt nasjonalt.
2. Eldrerådet skal vere samansett av minst 5 medlemmer med 5 personlege varamedlemmer der fleirtalet skal vere over 65 år.
3. Forskrifta må understreke at Eldrerådet sine medlemmer har rett til opplæring på lik linje med andre folkevalde i kommunen.
4. Forskrifta må fastsette Eldrerådet sin rett til å uttale seg i alle saker som angår eldre sine levekår og livsstandard, samt rett til tidlegast mulig innsyn i kommunen sitt planarbeid før sakene leggjast fram for politisk utval.
5. Det opprettast sekretariatsordning for Eldrerådet i minimum 1/3 stilling.
6. Samanslåing av fleire råd, kan berre skje unntaksvis. Kriteriar for eventuell samanslåing må definerast klart i forskrifta.
7. Rett til å foreslå kandidatar til Eldrerådet bør berre gjelde for reine pensjonistorganisasjonar.
8. Kommunestyret bør gje Eldrerådet møte og talerett.
9. Kommunestyret si plikt til å behandle forslag fremma av Eldrerådet, må innarbeidast i forskrifta.
10. Råda skal ha eigne budsjett for si drift.